



## SKK-Info 23. mai 2004

---

Her kjem litt info om følgjande saker:

1. Grunnkurs i elvepadling
2. Grunnkurs i havpadling
3. Padle-symposiet på Balandet i pinsa
4. Atløy-campen 2004
5. Treningskontaktar - integreringsprosjekt
6. Ny logo
7. Klubblogo på kle og merker
8. Reglar for bruk av klubbkajakkane
9. Dugnad på naustet
10. Merking av kajakkplass
11. Sikring av kajakkane medan dei ligg på biltaket
12. Klubbkontakt på treningane
13. Turleiarar på helgeturane
14. Senking av minstealder for medlemskap og turdeltaking

### 1. Grunnkurs i elvepadling

Endeleg blir det kurs i elvepadling. Vi er truleg mange nok til å fylle kurset med folk frå klubben. Kurset blir 16.-18. juli. Det vil koste ca 1500 kroner. Kurshaldar (ein frå Voss) kan stille med kajakk og utstyr.

Viss du vil vere med må du melde frå til meg snarast. FØRSTEMANN TIL MØLLA .....

### 2. Grunnkurs i havpadling

Det blir kurs 4.-6. juni. Pris som vanleg: kurs kr. 1200,- (student: 900,-) og leige av kajakk/utstyr: kr. 300,-.

Gi meg beskjed snarast om du skal vere med. Det kan vere lurt viss du ikkje har tatt det og du ynskjer å vere med på ein eller fleire av dei flotte turane utover sommaren og hausten.

### 3. Padle-symposiet på Balandet i pinsa

Ja, pinsa nærmar seg og dermed dette storhende for distriktet og faktisk for padle-norge generelt. Det skal vere meldt på nærmare 200 personar og 10 padleutstyrssbedrifter stiller opp.

Som kjent er det mange aktivitetstilbod:

- turar med turleiar (korte, rolege og dei litt lengre)
- kurs (temakurs/foredrag og lengre kurs)
- lysbilde-show (skildringar frå turar, ma Svalbard)
- barnepass (også barne-padling)
- fiske og rekreasjon
- stor grill

Alt dette for berre 490,- kroner. Dette må vere årets beste tilbod for padle-interesserte og elskarar av øyriket Balandet/Værlandet.

Ta kontakt med Rune eller Roger så vi kan samle oss medan vi er der.

Meir info om symposiet finn du på denne nettsida: <http://njord.as/>

#### **4. Atløy-campen 2004 (kanskje dette kan bli årvisst)**

Det er no bestemt at SKK i perioden 11.-15. august vil arrangere sommarleir på Atløy, nærmere bestemt, på Herland som ligg på vestsida av øya, ut mot storfjorden med masse småøyar ikring.

Det blir eit enklare opplegg enn på symposiet, der alle ordnar for seg med overnatting og mat. Likevel ein del tilbod blir det og fleire kan vel komme til. Førebelts har vi dette på lista:

- rekreasjon i havgapet med bading, soling og fisking
- turar med turleiar (korte, rolege og dei litt lengre)
- grunnkurs i havpadling
- kurs i frivannsdykking (dykking utan ekstra luft)
- havfisketur

Tor Erik og meg (Rune) drar førebels lasset, men det blir mange oppgåver for dåkke andre og. Om litt får dåkke tilsendt eit ressurs-skjema der dåkke kan melde frå om kva dåkke har lyst til å vere med på.

#### **5. Treningskontaktar - integreringsprosjekt**

Som vi har fortalt om tidlegare, så har SKK blitt spurd av Sogn og Fjordane Idrettskrins og psykiatrisk klinikks om å bli med i eit prosjekt for fysisk aktivisering av folk med rusproblematikk. Fleire personar har gledeleg nok sagt seg interesserte i å vere med på dette prosjektet. Dei er/vil bli treningskontaktar for dei i prosjektet som ynskjer å drive med kajakk. Utover at det er eit flott og prisverdig prosjekt, er det ikkje noko spesielt med dei som blir med. Dei er med som alle andre padlarar som må lære seg padling, gjennom kurs eller på anna vis. Leiar ynskjer med dette å ynskje dei og andre velkommen til å bli med på klubben sine aktivitetar.

Dersom det er fleire enn dei tre som til no er engasjerte, Guttorm, Øystein og Morten, som har lyst til å bli treningskontakt, så ta gjerne kontakt med ein av dei eller meg (Rune) for å få informasjon om prosjektet og opplegget. Det hadde og vore fint å få jenter med på laget.

#### **6. NY logo**

Kristin Gjelsvik, systera til Tore, har på oppmoding kome med eit forslag på ein enklare og reinare logo som ville vere lettare å reprodusera på stempel, klesmerke og liknande.

Resultatet ser du her:



Vi i styret er svært nøgde med resultatet. Vi har gjort vedtak om at vi ynskjer å erstatte den eksisterande logoen vår med denne og difor må du merke deg fylgjande: For at vi skal kunne starte å lage merker og slikt av logoen, må vi gjere eit klubbvedtak om å bytte logo. Det er vel formelt årsmøtet som skal gjere slikt, men for å sleppe å vente heilt til januar, gjer vi det på fylgjande måte:

#### **MEDLEMSAVSTEMMING - MEDLEMSAVSTEMMING - MEDLEMSAVSTEMMING**

Styrer føreslår at vi erstattar den gamle logoen, vist øvst på info-meldinga, med den nylaga logoen, vist over frå 1. juni 2004. Leiar føreslår at vi utnyttar ny teknologi og foretar avstemming på heimesida vår.

På heimesida <http://n3sport.no/padling/skk> får du desse tre vala:

1. Dette må avgjeraast på årsmøtet.
2. Eg ynskjer å behalde den logoen vi har.
3. Eg ynskjer å bytte ut logoen som vi har no, med den nye.

Avstemminga blir liggende på heimesida til og med 30. mai.

Dei som ikkje har tilgang til internett, eller som ynskjer å gje melding direkte, må gje meg (Rune Berge-leiar SKK) melding om dette innan søndag 30. mai 2004. Det kan du gjere pr. brev (adresse:

Angedalsvegen 30, 6800 Førde), pr. e-brev (adr.: [rune@naturleik.no](mailto:rune@naturleik.no)) eller tekstmelding (tlf.: 99 20 50 90)

Viss det skulle skje at nokon har imot at vi byter logo, får vi kome tilbake til korleis vi eventuelt handterer det, då styret enno ikkje har tatt stilling til dette.

**Så, medlemmar i Sunnfjord Kajakklubb, gje meg tilbakemelding om kva du syns.  
Eg syns det hadde vore kjekt å få tilbakemelding også om du ynskjer vi skal ta i bruk den nye logoen !!!!!**

## 7. Klubblogo på kle og merker

Styret har vedteke at viss den nye logoen blir godkjent av medlemmane, så vil vi lage til diverse ting med klubblogo på. I første omgang på T-skjorter, men det kan og vere aktuelt på kapsar, solskjermar, panneband, koppar, merker for bil og kajakk . . . . . ?

Vi foretar difor ei uformell spørjerunde om kva vi skal satse på. Du kan gjere det på e-brev (skkpost@c2i.net) , melding til meg (99 20 50 90) eller via spørjeundersøkinga på heimesida vår <http://n3sport.no/padling/skk> . Mange har snakka om at vi burde få noko slikt, så dette er vel på tide.

## 8. Reglar for bruk av klubbkajakkane

På siste styremøte (18/5) diskuterte vi kva vi skulle gjere med det faktum at det er relativt stor slitasje på kajakkane våre. Til no har det vore meir eller mindre anarki i høve til registrering av slitasje og skader. For å ha meir kontroll med bruken og for å få registrert skader slik at kajakkane kan bli reparert, vil vi no få utlån og leige inn i meir ordna former. I løpet av ikkje altfor lang tid vil vi få til oppslag om tilhøve kring lån og leige.

Det vi ynskjer å innføre er fylgjande:

- Alle kajakkane skal nummererast og all bruk skal registrerast i utlåns-/leigepermen, altså og gratis bruk på treningane.
- Ved påførte skader, eller ved oppdaging av slitasjeskader, skal skaden registrerast på skadeskjema som vil ligge i utlånspermen
- Fordi kajakkane kan vri seg og dei kan bli deformerte viss ein legg kajakkane rett på takbøyalar, må alle som ynskjer å ta med seg kajakk på bilen, ha kajakkstativ til feste på takbøylane. Desse må ein skaffe seg sjølv eller få lånt av andre, utan stativ - ingen biltransport, BASTA !

## 9. Dugnad på naustet

Vi hadde ein effektiv dugnad tidlegare i vår der vi fekk ordna det til inne med treplatning, bord og stolar og så fekk vi laga til resten av kajakkstativa (takk til Tore). Men beising og slikt måtte vi vente med pga temperaturen.

No er tida for beising og elles litt stulling og stelling med område rundt. Elles så skal vi ta føre oss fylgjande:

- Vi skal og ta ut alt inne, kajakkane, trelemane ++, og så skal vi planere heilt fint før vi har på støvbindane stoff. Det skal bli godt, ka?
- Det står og att litt installasjon av lys og stikk-kontaktar.
- Vi skal og snakke med båtklubben om vi kan legge bort ein vasslange. Det kan vere kjekt å ha for å skylle av salt og skit. I denne samanhengen skulle vi ha hatt tak i ei tretønne til å ha under eine taknedløpet, slik at vi kan ha ståande ein stamp til å skylle vestar, trekk og slikt i. Kanskje du veit om ei slik?
- Elles så må nokre av kajakkane reparerast, m.a. skal vi ha i nye pedalar på Capella'ene, men dette tar enkelte av oss seg av.
- Vi må få oppslagstavler til intern informasjon og tavler ute for å informere andre

## 10. Merking av kajakkplass

Nokre av medlemmane har leigd seg plass til kajakken sin i naustet. (Det er enno nokre ledige plassar. Leige av plass kostar kr. 200,- pr år, rekna frå august - august.) Til no har det ikkje vore merking av plassane, og det har vel vore slik ein kunne tenke seg det. Men no skal det bli orden på dette. Vi går til

innkjøp av merkemaskin og så skal vi merke av plass til dei som ynskjer å ha plass til kajakken sin i naustet. No blir det orden på sakene, veit du.

#### **11. Sikring av kajakkane medan dei ligg på biltaket**

Spesielt etter den famøse hendinga med kajakkane mine, som altså er komne til rettes, har det blitt ein del snakk om sikring av kajakkane. Ikkje minst gjeld dette når kajakkane ligg på biltaket. Etter samtalar med forsikringsselskapet mitt, Gjensidige, om dette temaet, har eg fått tilbakemelding om at det er nok å ha ein tynn vaier rundt framme og bak. Til dette kan ein bruke ein lang vaier og så låse med hengelås. Klubben vil kjøpe inn plastbelagt 3mm vaier og lage til vaier etter mål med lykkje i kvar ende, som dåkke vil få kjøpt av klubben. Vi kjem tilbake til dette når dette er klart. Det er likevel kanskje naudsynt at kvar einskild sjekkar med sitt forsikringsselskap om korleis dei stiller seg til dette temaet. Gi meg melding om svar du får, så kan eg formidle dette til klubben. Eg trur det kan vere lurt å få ein skriftleg uttalelse. Det er greitt å ha om noko skulle skje.

#### **12. Klubbkontakt på treningane**

Vi har fått mange nye medlemmar denne våren og fleire av desse, har ikkje grunnkurs. Nokre av dei gamle medlemmane har heller ikkje fått tatt dette kurset (men no har du altså sjansen allereie 4.-6. juni). Dette gjer at det er behov for røynde folk på treningane, torsdag kl. 17.30. I tillegg har vi snakka om at det er ynskjeleg å ha ein av klubben sine folk som kan ta litt ansvar, dvs. låse opp naustet, rettleie og elles ha litt overoppsyn med treninga. I løpet av våren skal vi prøve å få til ei rullering av klubb-kontaktar på klubben sine treningar.

På helgeturen til Stavøy, hadde vi eit vellukka kurs for turleiarar og andre interesserte. Dei som vil frå dette kurset, vil bli brukte som klubb-kontaktar på treningane framover, dvs. når vi har klart å få det i boks.

#### **13. Turleiarar på helgeturane**

Slik vi no skal gjere på treningane, skal vi og gjere på helgeturane. Kvar helg blir det ein turkontakt som bestemmer turmål og som elles vil vere tilgjengeleg for info om helgas tur. Vi har og ynskje om at info om helgas tur, skal bli å finne på heimesida nokre dagar før helga.

Elles så vil eg på ny nemne at om du veit om ein fin tur, men du føler du ikkje har erfaring nok til å vere padleleiar, så er ikkje det noko problem. Viss så er tilfelle, får du med deg i "leiar-teamet" ein som tar seg av padle-delen. Så kan du vere stifinnar. Ta kontakt om du veit om ein fin tur.

#### **14. Senking av minstealder for medlemskap og turdeltaking**

Styret har vedteke at vi ynskjer å få til ei ungdomsgruppe i Sunnfjord Kajakklubb. Vi startar forsiktig med å opne for ungdomar ned til 16 år på treningane og på kurs. Når behovet er der, vil vi legge opp til turar som er høvelege for dei unge og elles sjå på kva som kan komme til. Neste år tenker vi på at å søke på midlar til polo-/elvekajakkar til kajakkpolo, kan vere aktuelt, men slike ting får vi komme tilbake til seinare.

Det blei visst ein del det. Men det er gjerne eit teikn på at mykje rører seg i klubben. Viss alle medlemmane frå i fjar blir med vidare, er vi no oppe i 71 medlemmar. Nokre går ut, men likevel er det ein merkbar auke i tilsiget av nye medlemmar.

Så må du hugse å ta stilling til ny logo og elles dei andre tilhøva du har blitt presentert.

Nyt våren og den blømmande padlesesongen !

Helsing Rune (leiar i SKK)